


Året som har gått - 2011

2011 har vore eit spennande og aktivt år for IL Fanaråk. Me har 205 medlemmar, noko som er rekord for oss. Takk til både aktive- og støttemedlemmar.



Idrettslaget har no 7 undergrupper. Ved årsmøtet i februar vart gruppa klatring stifta. Saman med 4H i Fortun har dei arrangert opne dagar med klatring kvar månad gjennom heile året på Trollsteinen i Fortun. Gruppa er kursa i sikkerheit og har gjort jobben med å lage klatrestein.

Skigruppa arrangerte karusellrenn i samarbeid med barneidrett, og avslutta vintersesongen med renn og aktivitetar i Turtagrø. Barneidretten har gjennom vår og haustsesongen vore gjennom ulike aktivitetar både inne og ute. Kvar veke er det aktivitet i salen på Fjordstova med fotball og step med styrke. Den største aktiviteten er turorienteringa. Nesten 100 jaktar på poeng heile året ved å besøkje postar i nærmiljøet.

I februar hadde me årsmøte og bassar. I år og fekk me eit godt og kjærkome overskot på basaren. Takk til alle som bidrog med gevinstar, tok lodd og var på basaren.

Tinderittet vart og i år avlyst på grunn av snømangel. Etter fleire år med avlysning tek me no ein pause.

Fuglesteg opp vart arrangert for andre gong under Olsokmarknaden. Ein kjekk tur med natursti i fin natur.

Buff Fanaråken opp vart arrangert for 9. gong. Deltakarar frå 10 land stilte til start, kjekt var det og at me hadde 4 deltakarar frå eige lag på startstreken i aktiv klasse. 11. august 2012 er det duka for ny folkefest på Fanaråken. Då feirar me 10 års jubileum, arbeidet er allereide i gang for å gjere jubileumsløpet til tidenes beste.

2011 vart avslutta med nissemarsj og gløggkveld på Fjordstova 16. desember. 39 born og vaksne samla seg til fakkeltog. Mange nissar og godt humør avslutta eit godt aktivitetsår.

IL Fanaråk vil med dette takke alle som har bidrege til laget vårt. Me er heilt avhengige av gode medlemmar og frivillege som stiller opp i ulike verv og på dugnad. Tusen takk!!

IL Fanaråk ynskjer dykk ei god jul og eit godt nyttår!!

Anders Fortun

-IL Fanaråk -

